Cookie et al. (2010) undersøkte korleis effekt eit musikkprogram med levande musikk hadde på depresjon og livskvalitet hjå pasientar med demens. Forskarane fann ein signifikant reduksjon av førekomsten av depresjon når pasientane var med på dette musikkprogrammet. Denne reduksjonen var større enn den ein såg når pasientane var med i kontrollintervensjonen; lesegrupper. Det var òg signifikant auke i sjølvkjensla til pasientane når dei fekk musikkterapi. Likevel vart det funne at pasientane som var med i lesegruppene følte meir tilhøyrsla enn dei som deltok i musikkgruppene (Cookie et al. 2010). Raglio et al. (2008) fann at det var ein signifikant reduksjon av angst over tid i gruppa som fekk musikkterapi (Raglio et al. 2008).

4.2 Song under stell

4.2.1 Song under stell såg ut til å redusera førekomsten av agitert åtferd

Götell, Brown og Ekman (2002), Götell, Brown og Ekman (2007) og Myskja og Håpnes (2010) undersøkte korleis song under stell verka inn på pasientar med demens. Ved at pleiepersonale song under stellet såg ein ei rekke positive verknader, mellom anna når det gjaldt agitert åtferd. Götell, Brown og Ekman (2002) såg på korleis song og bakgrunnsmusikk under stellet påverka den verbale kommunikasjonen mellom pasientar med demens og pleiepersonale. Dei fann at ein pasient som vanlegvis responderte med aggresjon og motstand, samarbeidde med pleiepersonale og ikkje viste teikn på aggressivitet når pleiepersonale song. Det virka som ho forstod betre kva som skjedde og korleis ho skulle samarbeida. Ein annan pasient, som ropte under store delar av stellet,

både med og utan bakgrunnsmusikk, slutta å rope når pleiepersonale song den svenske drikkevisa "Helan går" frå 1845 (Götell, Brown og Ekman 2002). Götell, Brown og Ekman undersøkte i 2007 det same datamaterialet som i 2002, men i denne analysa var det fokus på verbalt uttrykte emosjonar og humør. Dei fann at ingen av pasientane uttrykte aggresjon når pleiepersonale song under stellet. Interaksjonen mellom pasient og pleiepersonale var derimot prega av oppriktigheit, åpenheit, intimitet og sårbarheit (Götell, Brown og Ekman 2007). I studiet til Myskja og Håpnes (2010) vart helsepersonell mellom anna intervjuja omkring innføringa av song under daglege aktivitetar. Ut ifrå desse intervjuja såg det ut til at song hadde særskild god effekt ved uro i samband med stell og andre prosedyrar. Eit av helsepersonale uttrykte til dømes:

(...) har vært meir og meir uroleg når vi skal vaske og stelle i det siste. No har vi begynt å tralle for ham, og vi merker at han roer seg, nesten med en gang. Vi har prøvd å la være å nynne de sangen han like. Men da merke vi at han bli verre igjen, nesten med en gang (Myskja og Håpnes 2010, 8).

Eit anna utsegn som kom fram under intervjuja viste kanskje endå tydelegare kor effektivt song kan vera under stell: "Vi merker mange ganger at der vi før måtte ha tre til stellet, trenger vi bare en" (Myskja og Håpnes 2010, 8). I studiet til Götell, Brown og Ekman (2002) kom det fram at det vanlege stellet var prega av at pleiepersonalet prøvde å skapa ei god stemning, medan pasientane oftast responderte med mellom anna stillheit og likegyldigheit. Når pleiepersonale song under stellet lytta pasientane aktivt og uttrykte glede, oppriktigheit og undring. Somme av pasientane song med på teksten, men fyrst etter at pleiepersonale hadde sunge ei stund. Ein pasient som under vanleg stell var svært stille og ikkje svarte når pleiepersonale spurte ho om noko, begynte å synga med. Etterpå responderte ho på pleiepersonale sine spørsmål, som var relatert til songteksten (Götell, Brown og Ekman 2002).

4.3 Individualisert musikk

4.3.1 Individualisert musikk såg ut til å redusera førekomsten av agitert åtferd hjå pasientar med demens

Fleire studiar visar at individualisert musikk kan bidra til mindre agitert åtferd hjå pasientar med demens (Garland et al. 2007, Götell, Brown og Ekman 2002, Götell, Brown og Ekman 2007, Hicks-Moore og Robinson 2008, Myskja og Håpnes, 2010 Ragneskog et al. 2001).

Studiet til Myskja og Håpnes (2010) viste at metoden individualisert musikk hadde særskild god effekt på uro hjå pasientar med demens. Ein av dei mange episodane som det vart rapportert om kan illustrere dette:

Vi hadde en urolig beboer, og verken medisiner eller godsnakk hjalp. Et av barna hennes hadde tatt med en CD som beboeren hadde hjemme, ut fra det vi hadde lært i prosjektundervisningen – vakre sanger med Lotti. Beboeren roet seg nesten med en gang, bare ved å sette på en CD. Det er nesten utrolig (Myskja og Håpnes 2010, 8).

Ragneskog et al. (2001) omtalar ein pasient som til vanleg var mykje urolig og som ofte ropte og slo i bordet. Medan det vart spelt individualisert musikk var han for det meste roleg. Det såg ut som han lytta til musikken. To gongar, når ein svensk sjømannsong vart spelt, song han med. Når operettar vart spelt nynna han til melodien (Ragneskog et al. 2001). Ved bruk av individualisert musikk under morgonstellet, fekk pleiepersonale pussa tennene til ein pasient som vanlegvis gjorde sterk motstand mot munnstell. For fyrste gong på to veker fekk dei setta inn tannprotesane hennar (Götell, Brown og Ekman 2002). Ingen av pasientane i studiet til Götell, Brown, Ekman (2007) viste aggressiv åtferd ovanfor pleiepersonale når det vart spelt individualisert musikk under morgonstellet, i motsetnad til ved stell utan musikk. Det verka som om positive kjensler dominerte (Götell, Brown og Ekman 2007).

Ein pasient i Ragneskog (2001) sitt studium, som til vanleg var prega av forvirring, irritasjon, rastlause og agitert åtferd viste ingen positiv respons på musikken. Av og til

virka det som den gjorde han meir agitert. Ein annan pasient viste til vanleg mykje agitert åtferd, i form av irritabilitet og roping. Når han lytta til individualisert musikk skifta humøret hans dagleg og i fleire tilfelle vart han meir agitert av musikken. Både pasienten sjølv og pleiepersonalet hadde gitt uttrykk for at han likte opera særst godt. Likevel gjorde slik musikk at han ropte. Barnesongar såg ut til å roe han ned. I to tilfelle vart han agitert når barnesongane vart skrudd av. Ein annan pasient i same studium vart i seks av elleve tilfelle agitert når musikken vart avskrudd (Ragneskog et al. 2001). Ein pasient som vanlegvis ropte under heile morgonstellet, ropte òg når det vart spelt individualisert musikk, men i noko mindre grad (Götell, Brown og Ekman 2002).

Hicks-Moore og Robinson (2008) fann òg at individualisert musikk kunne minska førekomsten av verbal agitert åtferd. Dei gjorde eit studium der dei samanlikna effekten av handmassasje, individualisert musikk og desse to intervensjonane i kombinasjon. Det vart ikkje funne signifikant forskjell på kor effektive intervensjonane var. Alle reduserte førekomsten av ikkje-aggressiv agitert åtferd og verbal agitasjon under intervensjonen. Men ingen av dei hadde signifikant effekt på fysisk aggresjon (Hicks-More og Robinson 2008). I studiet til Garland et al. (2007) vart det derimot funne at individualisert musikk ikkje ga signifikant reduksjon av verbal agitert åtferd. I dette studiet såg det ut til at både simulert familiesamvær og placebointervensjonen, opplesing frå ei gartnarbok, ga betre effekt på verbal agitasjon enn individualisert musikk. Individualisert musikk ga signifikant større reduksjon av fysisk agitert åtferd enn vanleg pleie (Garland et al. 2007).

4.3.2 Individualisert musikk såg ut til å redusera førekomsten av angst og depresjon hjå pasientar med demens

Fleire studium viser at individualisert musikk kan redusera nivået av angst hjå pasientar med demens (Guetin et al. 2009, Ragneskog et al. 2001, Sung, Chang og Lee 2009). Ein pasient i Ragneskog et al. (2001) sitt studium var til vanleg prega av angst og rastlause. Ho gret og ropte på mora si. Når det vart spelt operettar nynna ho til musikken. Den såg ut til å redusera angsten hennar. All musikk gjorde at ho sat lenger i ro i stolen sin enn vanleg, utan å rope på mora si (Ragneskog et al. 2001). Både Guetin et al. (2009) og Sung, Chang og Lee (2009) fann at individualisert musikk ga ein signifikant reduksjon av angst hjå pasientar med demens. I Guetin et al. (2009) sitt studium var musikksjangrane,

ikkje kvar enkelt song, spesielt tilpassa kvar einskild pasient. Ved hjelp av eit dataprogram vart det laga såkalla U-sekvensar på om lag 20 minutt. Tempo og antal instrument i desse sekvensane går frå høgt til lågt, for så å auka litt igjen (som ein “U”). I dette studiet vart det òg funne ein reduksjon av depresjon over tid i intervensjonsgruppa. Denne reduksjonen var ikkje signifikant, men det var ein signifikant forskjell mellom intervensjonsgruppa og kontrollgruppa, som fekk vanleg pleie. Det var framleis signifikant forskjell på depresjonsnivået i desse to gruppene åtte veker etter avslutta intervensjon (Guetin et al 2009).

4.4 Ikkje-individualisert bakgrunnsmusikk

4.4.1 Ikkje-individualisert bakgrunnsmusikk såg ikkje ut til å redusera førekomsten av agitert åtferd

Chang et al. (2010) gjorde eit studium for å undersøka korleis bakgrunnsmusikk under lunsjen verka inn på agitert åtferd hjå pasientar med demens. Bakgrunnsmusikken bestod av piano og lydar frå naturen, som fuglesong, kvalsong og rennande vatn. Rytme og tempo likna mennesket sin hjarterytme. Intervensjonen vart gjennomført kvar dag, annankvar veke, i åtte veker. Agitasjonsnivået gjekk opp dei vekene det vart spelt musikk under lunsjen og ned dei vekene dette ikkje vart gjort. Det totale agitasjonsnivået vart signifikant mindre i dei vekene det ikkje vart spelt musikk enn i dei vekene musikk vart spelt (Chang et al. 2010). Myskja og Håpnes (2010) fann i sitt kvalitative studium at preferanselaus musikk hadde best effekt i form av roleg, spesialkomponert musikk. Sjukepleiestudentar som evaluerte bruk av preferanselaus musikk fann at det hadde best effekt som bakgrunnsmusikk i opphaldsrom, i korridor og på pasientromma ved nattleg uro (Myskja og Håpnes 2010).

5.0 Diskusjon

5.1 Metodediskusjon

I dette delkapittelet vil me ta for oss styrker, svakheiter og grunngevingar omkring metoden me har brukt, som er omtalt i kapittel 3.0. Metoden som vart nytta i dette systematiske litteraturstudiet var basert på retningslinjene av Johanssen et al. (2011). I tillegg nytta me andre kjelder for å få meir innsikt i korleis ein gjennomfører eit systematisk litteraturstudium. Flittig bruk av desse kjeldene har gjort at litteraturstudiet har blitt gjennomført på ein systematisk og gjennomtenkt måte. Likevel er det fleire metodiske svakheiter som kan ha påverka resultatata.

5.1.1 Kriterium for inklusjon av artiklar

Det var ikkje sett som inklusjonskriterium at forskinga skulle vera utført i land med “vestleg kultur”, noko som førte til at det vart inkludert fire artiklar frå Taiwan. Dette fordi me meinte at kultur har mindre å sei når ein studerer verknadane av tiltak, enn når ein ser på til dømes haldningar eller opplevingar. Me tenkjer oss likevel at det kan vera store forskjellar når det gjeld kva verdi musikk har for menneske i ulike kulturar. For å avgrensa litteraturstudiet vart det bestemt at artiklane som skulle inkluderast skulle ta for seg forskning med sjukeheimsbebuarar som deltakarar. Ein del artiklar med funn som kunne ha vore verdifulle vart ekskludert på grunn av dette inklusjonskriteriet. Dette kan ha vore ei svakheit, i og med at somme av funna våre gjerne skulle ha vore støtta av fleire studiar. På ei anna side er det ikkje sikkert at forskning frå andre arenaer, som sjukehusavdelingar eller dagsenter, kan overførast til praksis på sjukeheimar. Ei anna svakheit kan ha vore at det ikkje var noko inklusjonskriterium at intervensjonane skulle vera utført av pleiepersonale. Av 14 inkluderte artiklar var det to der intervensjonen var utført av musikkterapeutar eller musikarar. Årsaka til at desse artiklane vart inkludert var, som nemnt i delkapittel 3.1, at me ynskte å undersøkje terapeutisk bruk av musikk i gruppe. I og med at musikkterapeutar og musikarar har ei spesiell kompetanse, kan ikkje denne forskinga overførast direkte til sjukepleiepraksis. Likevel kan det tenkjast at funna i forskinga seier noko om verknadane av terapeutisk bruk av musikk i gruppe generelt. Inklusjonskriteria vart gjennom heile prosessen brukt aktivt i vurderinga av kva for artiklar som skulle inkluderast. På den måten

har eksklusjonen av artiklane blitt mest mogleg objektiv; ingen artiklar vart ekskludert fordi me ynskte å få fram bestemte funn.

5.1.2 Søkjestrategi

Det vart brukt mykje tid på å utarbeida PI-skjemaet. Mellom anna vart det gjort prøvesøk for å undersøka om PI-skjemaet avgrensa søket for mykje. Me opplevde at det endelege PI-skjemaet ga presise og dekkande treff, og brukte difor same PI-skjema i alle databasesøka. Dette kan ha vore ei styrke, fordi det gjorde søkeshistorikken systematisk. Det kan òg ha vore ei styrke at me har prøvd å søkja i fleire ulike databasar, i forsøk på å finna fram til all tilgjengeleg relevant forskning på området. Me var alltid to til stades under søkinga, noko som minnska risikoen for at relevante referansar skulle verta oversett. Ved at me gjorde eit nytt søk hausten 2011, vart det inkludert artiklar som var publisert i tida etter me utførte det fyrste søket. For å styrka litteraturstudiet med meir kvalitativ forskning, vart det gjort eit databasesøk der me leitte etter kvalitative artiklar frå år 2001 til år 2005. Etter dette søket vart to artiklar inkludert. Me ser fyrst og fremst på dette som ei styrke, fordi det gav studiet fleire kvalitative funn. Samstundes kan det sjåast på som negativt, då denne forskinga kan vera utdatert.

5.1.3 Kvalitetsvurdering og etiske omsyn

Under kvalitetsvurderinga brukte me to ulike skjema av Willmannm, Stoltz og Bahtsevani (2006), eit til kvalitative artiklar og eit til kvantitative artiklar. Me brukte altså same kvalitetsvurderingsskjema til alle dei kvantitative artiklane. Som nemnt i delkapittel 3.3, vart dette skjemaet tilpassa dei ulike forskingsdesigna. Likevel kan dette ha vore ei svakheit, fordi tilpassinga kan ha vorte feil. I tillegg er me uerfarne i kvalitetsvurdering av forskingsartiklar, noko som òg kan ha bidrege til feil under kvalitetsvurderinga. Ei styrke i arbeidet med kvalitetsvurderinga er at me fyrst vurderte artiklane kvar for oss, for så å gå igjennom dei i fellesskap. I dei fleste tilfelle samstemde vurderingane våre, noko som ga inntrykk av at dei var riktige. Som ein ekstra tryggeleik omkring kvaliteten på artiklane, vart det kontrollert at dei var henta frå tidsskrift med rutine for fagfellevurdering. Ein langt større andel av artiklane frå søk nr. 3 vart ekskludert grunna dårleg kvalitet, samanlikna med søk nr. 1. Dette kan ha samband med at me hadde blitt flinkare til å kvalitetsvurdere

artiklane, slik at terskelen for å få god eller middels kvalitet vart høgare. Men me trur heller det kom av at me hadde blitt betre til å vurdere kva for artiklar som såg ut til å møta inklusjonskriteria, slik at urelevante artiklar ikkje vart innhenta i papirformat.

Ein av dei inkluderte forskingsartiklane mangla godkjenning frå etisk komité og i tre av artiklane var det ikkje opplyst om at det var innhenta informert samtykke. Grunnen til at me valde å inkludera den artikkelen som ikkje hadde godkjenning frå etisk komité var at den tok grundig for seg dei etiske omsyna som var tatt under forskinga. Dei tre artiklane som ikkje opplyste om informert samtykke var alle godkjende av etiske komitear. I tillegg er alle våre inkluderte artiklar fagfellevurdert. Likevel kan dette ha vore ei svakheit, i forhold til å ivareta dei etiske omsyna i dette systematiske litteraturstudiet.

5.1.4 Inkluderte forskingsartiklar

Det var inkludert fire kvalitative forskingsartiklar i dette systematiske litteraturstudiet. Dei resterande ti studiane var kvantitative. Det at både kvalitative og kvantitative artiklar var inkludert gjorde at funna omfatta både kvalitative beskrivingar av pasientane sine reaksjonar på musikk og kvantitativt talmateriale som sa noko om effekten av terapeutisk bruk av musikk. Dei fire kvalitative artiklane som var inkludert i studiet var frå Norden. Me ser på det som ei styrke at fire av 14 artiklar er nordiske, men skulle gjerne sett at me også hadde funne kvantitativ forskning herifrå. Ein del av dei kvantitative artiklane som var inkludert hadde små utval. Dette kan ha gjort resultatene i desse studiane mindre generaliserbare. Sidan me valde å undersøkje alle åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens, utanom psykotiske symptom, vart det inkludert ein del artiklar med funn som ikkje vert understøtta av funn i andre artiklar. Det var inkludert få artiklar om apati og depresjon, noko som kan ha gjort at funna omkring desse symptomane er svake.

5.1.5 Analyse

Analysen av funna i forskingsartiklane vart gjort systematisk, utifrå ein bestemt framgangsmåte presentert av Evans (2002). Me opplevde at denne framgangsmåten hjelpte oss å identifisera alle relevante funn, og skapa ein ny heilskap. Det kan òg tenkjast å vera ei styrke at me gjorde identifiseringa av funn kvar for oss, slik at me ikkje skulle gå glipp

av relevante funn. Me delte ikkje funna inn etter type og grad av demens under analysinga av artiklane. Fordi verknadane av musikk kan vera svært ulike hjå pasientar med ulik type demens (Myskja 2009), kan dette ha vore ei svakheit. Men det ville uansett vanskeleg latt seg gjera, då fleire av artiklane ikkje skilte mellom ulike typar og grader av demens.

5.2 Resultatdiskusjon

I dette delkapittelet vil me drøfta funna i vårt systematiske litteraturstudium opp mot teori og annan forskning. Kitwood (1999) sin teori om våre grunnleggande psykologiske behov vil bli brukt aktivt, for å løfta fram korleis terapeutisk bruk av musikk kan bidra til at pasientane får tilfredsstilt sine grunnleggande psykologiske behov for trøyst, tilknytning, inklusjon, sysselsetting og identitet.

5.2.1 Individualisert musikk – ein nøkkel inn til meningsfulle minner

I 1992 utførte sjukepleieforskaren, Linda Gerdner, den fyrste systematiske undersøkinga av individualisert musikk som tiltak ved agitert åtferd hjå pasientar med demens. Resultata var svært positive; det vart funne ein signifikant reduksjon av agitert åtferd under musikkintervensjonen og ein time etter (Gerdner 1992 gjengitt i Gerdner 2010). I løpet av 1990-talet vidareutvikla ho metoden, som seinare har vist seg å vera effektiv i fleire forskingsstudiar (Myskja 2006). Individualisert musikk var det musikkterapeutiske tiltaket som det vart funne mest forskning på i vårt litteraturstudium. Det vart funne at individualisert musikk kunne ha positiv innverknad på pasientar med demens ved at det reduserte førekomsten av angst (Guetin et al. 2009, Ragneskog et al. 2001, Sung, Chang og Lee 2009), depresjon (Guetin et al. 2009) og agitert åtferd (Garland et al. 2007, Götell, Brown og Ekman 2002, Götell, Brown og Ekman 2007, Hicks-Moore og Robinson 2008, Myskja og Håpnes 2010, Ragneskog et al. 2001). Også Bragstad og Kirkevold (2010) og Sung og Chang (2005) har funne i sine litteraturstudium at individualisert musikk kan bidra til mindre agitert åtferd (Bragstad og Kirkevold 2010, Sung og Chang 2005).

Myskja (2006) skriv at Gerdner (1997) si hypotese var at demens fører til at ein mistar dei kognitive reorienteringsmekanismane som gjer verda forståeleg og motverkar stress og

utryggleik. Ved å finna fram til meiningsfulle minner gjennom musikk, kan ein støtta reorienteringsmekanismane, og dermed redusera pasienten si kjensle av stress og utryggleik (Gerdner 1997 gjengitt i Myskja 2006). Musikk kan sjåast på som eit viktig “minnespor” i dei hendingane som skapar kontinuitet og samanheng i livet (Ruud 2005). Når pasientar med demens lyttar til musikk som dei kjenner frå tidlegare i livet, kan musikken bringa fram kjærkomne minner (Kvamme 2006). Kitwood (1999) seier at det å ha identitet inneberer ei oppleving av samanheng og kontinuitet med fortida. Kognitiv svikt kan føra til at ein ikkje lenger greier å halda fast på dette. Bruk av musikk vert nemnt som eit døme på reminisensarbeid som kan styrka pasientane sin personlege identitet. Det å oppretthalda den personlege identiteten eit av våre grunnleggande psykologiske behov, og dessutan ei av demensomsorga sine primære oppgåver (Kitwood 1999). Individualisert musikk kan altså nyttast som eit verktøy for å bidra til at pasienten opplever samanheng og kontinuitet med fortida, slik at identiteten vert opprettheldt.

Gerdner (2010) gjer greie for korleis ein kan gå fram for å ta metoden, individualisert musikk, i bruk. Kort sagt dreier det seg om å kartlegga pasienten sine musikkpreferansar, samla musikken på eit band og spela den for pasientane i om lag ein halvtime om gongen, minst to gongar i veka. Undervegs observerer ein pasienten sin reaksjon på musikken (Gerdner 2010). Ridder (2005) trekk fram forhold som kan vera problematiske ved bruk av denne metoden. Det kan for det fyrste vera vanskeleg å finna fram til den enkelte pasient sin yndlingsmusikk, spesielt dersom pasienten sjølv ikkje er i stand til å svara (Ridder 2005). Litt av denne problematikken vart vist i Ragneskog et al. (2001) sitt kvalitative studium, der ein pasient som hadde oppgitt at han likte opera svært godt, viste seg å verta meir agitert når slik musikk vart spelt (Ragneskog et al. 2001). Vidare peikar Ridder (2005) på at det ikkje er sikkert at denne “yndlingsmusikken” som vert oppgitt passar i alle situasjonar. I tillegg er det ein viss fare for at musikkprogrammet som vert laga ut ifrå pasienten sine preferansar ikkje vert fornya, og dermed fører til manglande variasjon (Ridder 2005). Desse innvendingane bør ein absolutt vera merksam på ved bruk av individualisert musikk. Som nemnt inneberer Gerdner (2010) sine retningslinjer at pasienten skal observerast medan individualisert musikk vert spelt. Ved teikn på negative responsar på musikken, som agitasjon eller forvirring, skal ein skru av musikken umiddelbart (Gerdner 2010). Ut frå dette meiner me at ein i stor grad kan unngå dei problema som Ridder (2005) omtalar, ved å fylja Gerdner (2010) sine råd.

5.2.2 Musikalsk fellesskap

I vårt litteraturstudium fann me at musikkaktivitetar i gruppe kunne verka positivt på pasientar med demens ved å redusera åtferdsmessige symptom (Holmes et al. 2006, Lin et al. 2010, Raglio et al. 2008, Sung et al. 2006), angst (Raglio 2008) og depresjon (Cooke et al. 2010).

Samvær mellom menneske skapast ikkje ved berre å vera ei samling av menneske i eit rom. Ein må ha eit fokus i samværet, som til dømes song og musikk. Musikkaktivitetar i grupper kan skapa eit sosialt fellesskap (Ridder 2005). Me tenkjer oss at det sosiale fellesskapet omkring musikkaktivitetar kan bidra til at pasientar med demens i større grad får tilfredsstilt det grunnleggande psykologiske behovet for inklusjon. Kitwood (1999) skriv at når pasientar med demens ikkje får tilfredsstilt sitt behov for å vera inkludert i eit fellesskap, fører det til at dei isolerer seg. Det vert presisert at dersom behovet på ny vert tilfredsstilt ved at pasienten inkluderast i ei gruppe kan han koma ut av isolasjonen (Kitwood 1999).

Ifylje Myskja (2005) har musikkaktivitetar i grupper i stor grad vore reservert musikkterapeutar, aktivitørar og kulturleiarar som har erfaring med å arbeida med grupper. I og med at ein ved gruppeaktivitetar skal samordna fleire ulike menneske sine behov, bør ein ha ei viss erfaring med det å leia grupper før ein forsøker å leia ei musikkstund (Myskja 2005). Likevel kom det fram positive erfaringar med allsong leia av pleiepersonale i eit prosjekt ved seksjon for alderspsykiatri på Sjukehuset i Telemark. Personalgruppa gjennomgjekk eit undervisningsopplegg om musikk. I tillegg fekk dei praktisk trening i å synge ved å øva saman med kvarandre, slik at dei skulle vera i betre stand til å leia ei allsonggruppe. Det vart mellom anna rapportert om positiv deltaking og gjenkalling av minner under desse allsongstundene (Skogum 2009). Som nemnt ligg noko av utfordringa ved å leia ei musikkgruppe i at det må takast omsyn til alle deltakarane i gruppa (Myskja 2005). Ridder (2005) trekk fram den frustrasjonen som mange pasientar med demens kan kjenna på når dei opplever at stemma vert rusten, teksten vert gløymt eller dei ikkje meistarar å slå opp i ei songbok. Det er viktig at leiaren og det andre personale som er til stades skapar tryggleik og tillit ved å tona ned det som handlar om prestasjonar (Ridder 2005). Ridder (2005) viser òg til Whitcomb (1994), som meiner at det ikkje nødvendigvis er ein fordel om leiaren av gruppa syng så altfor fint, då det kan føra til

at pasientane går inn i ei meir passiv rolle. Viss leiaren derimot ikkje er heilt sikker på songteksten og av og til må leita etter ord, kan det føra til at pasientane som deltek går aktivt inn og prøvar å hjelpa (Whitcomb 1994 gjengitt i Ridder 2005). Me kan tenkja oss at pasientane på denne måten opplever ta større del i fellesskapet. Det å kunne bidra med noko til fellesskapet, kan vera positivt i den forstand at ein får dekkja behovet for sysselsetting, slik Kitwood (1999) beskriv. Når ein pasient ikkje opplever å vera sysselsatt kan dette medføre tap av både evner og sjølvverd (Kitwood 1999). Ridder (2005) samanliknar fellesskapet ved allsong med eit arbeidsfellesskap, der alle på sitt vis bidreg. For mange pasientar med demens er det dessverre få situasjonar som kan minna om slike arbeidsfellesskap (Ridder 2005).

5.2.3 Song under stell

Stell av eldre er ei tidkrevjande arbeidsoppgåvene på sjukeheimar. For å ivareta omsorgsdimensjonen under stellet bør det vera eit godt samarbeid mellom pleiepersonale og pasienten. Dersom pasienten har nedsett kommunikasjonsevne stiller det store krav til pleiepersonale si samhandlingsevne. Somme pasientar med demens reagerer med uro og aggressivitet under stellet, noko som kan vera spesielt utfordrande (Brodtkorb 2008, 148-156).

I vårt litteraturstudium vart det funne at førekomsten av agitert åtferd såg ut til å verta redusert når pleiepersonale song under stellet (Götell, Brown og Ekman 2002, Götell, Brown og Ekman 2007, Myskja og Håpnes 2010). I og med at forskingsartiklane til Götell Brown og Ekman (2002) og Götell, Brown og Ekman (2007) er ulike analysar av same datagrunnlag er dette funnet å betrakta som svakt, då berre to datagrunnlag ligg til grunn. Likevel støttast funnet av Chatterton, Baker og Morgan (2010). Dei inkluderte 17 artiklar om individuell song til pasientar med demens i sitt litteraturstudium. I sju av dei inkluderte artiklane var songintervensjonen utført av pleiepersonale eller pårørande. Pleiepersonalet brukte song terapeutisk under daglege aktivitetar, som morgonstell og måltid. Song hadde då særleg god effekt ved at interaksjonen mellom pleiepersonale og pasient endra seg og at det førekom mindre agitasjon (Chatterton, Baker og Morgan 2010).

Det at interaksjonen mellom pasient og pleiepersonale endra seg når pleiepersonale song, fann me òg i artiklane til Götell, Brown og Ekman (2007). Når pleiepersonale song var interaksjonen prega av oppriktigheit, åpenheit, intimitet og sårbarheit (Götell, Brown og Ekman 2007). Me meiner at ein slik interaksjon kan vera av betydning for at pasientane skal oppleva tilknytning, slik Kitwood (1999) hevdar at dei har behov for. I tillegg kan den nærleiken som vart oppnådd mellom pasient og pleiepersonale ha verka trøystande ovanfor pasienten. Kitwood (1999) beskriv at behovet for trøyst dekkast ved mellom anna ømheit og nærleik (Kitwood 1999).

Språksvikt og kommunikasjonsvanskar kan vera eit stort problem hjå pasientar med demens. Desse problema kan skuldast spesifikke språkvanskar eller problem med merksemd, konsentrasjon og tenking, relatert til generell kognitiv svikt. Når pasienten ikkje greier å få formidla det han ynskjer, kan han bli engsteleg, noko som kan koma til uttrykk i irritasjon og utagerande åtferd (Rokstad 2005). Song og musikk er eit godt reiskap når orda ikkje lenger strekk til (Sejerøe-Szatkowski 2004). I studiet til Götell, Brown og Ekman (2002) vart det funne at kommunikasjonen såg ut til å bli meir gjensidig når pleiaren song, enn ved vanleg stell. På tross av at den syngande pleiaren ikkje forklarte kva som skulle føregå, såg det ut til at pasienten fekk betre forståing av aktivitetane under stellet (Götell, Brown og Ekman 2002).

Slik me ser det, kan ei av hindringane mot bruk av song i pleia vera at pleiepersonalet er usikre på sitt eige songtalent, noko som gjer at det kan opplevast som ubehageleg å synga for andre. Ridder (2005), har i sitt samarbeid med pleiepersonale erfart at dei er svært opne for å nytta musikk i pleia. Likevel opplever mange ein sårbarleik og ei kjensle av å utlevera seg sjølv kring det å skulla synga under stell (Ridder 2005). Myskja (2006) peiker på at kvaliteten av song eller spelning har lite samband med resultatet. Eit avansert musikalsk uttrykk kan faktisk verka framandgjerande og minska moglegheita til å få deltakarane med seg (Myskja 2006). Chatterton, Baker og Morgan (2010) støttar dette. Dei konkluderer i sitt litteraturstudium med at song kan betra livskvaliteten til pasientar med demens, uavhengig av om den som syng har spesielle kvalifikasjonar eller ikkje (Chatterton, Baker og Morgan 2010). I forskingsartiklane til Götell, Brown og Ekman (2002) og Götell, Brown og Ekman (2007) var det ikkje sett bestemte retningslinjer for korleis pleiepersonale skulle bruka song under morgonstellet. Dei fekk heller ikkje opplæring. På tross av manglande retningslinjer og opplæring såg det altså ut som

songintervensjonen var vellukka (Götell, Brown og Ekman 2002, Götell, Brown og Ekman 2007). Også dette meiner me visar at song kan ha god effekt, utan spesiell musikalsk kompetanse.

5.2.4 Varsemd ved bruk av musikk

Då musikaren, Anders Rogg, heldt eit seminar om bruk av musikk i eldreomsorga ved Høgskulen i Molde 9. mars 2011, vart det lagt stor vekt på at musikk skal brukast med varsemnd. Dette var verkeleg eit tankekors for ein av oss, som gjentekne gongar hadde sett på ei cd-plate med liremusikk på fellesarealet i avdelinga der ho arbeidde, for så å gå vidare til arbeidet som venta i resten av avdelinga.

I litteraturstudiet vårt fann me ei overvekt av positive verknadar ved terapeutisk bruk av musikk. Men det kom òg fram situasjonar der musikkbruken såg ut til å gjera pasientane meir agiterte (Ragneskog et al. 2001). Me trur at me ville funne fleire døme på dette dersom det hadde vore inkludert fleire kvalitative studiar, noko som ville gitt meir innsikt i korleis enkeltindividida reagerte på musikk. I Chang et al. (2010) sitt studium vart det funne at agitasjonsnivået i pasientgruppa gjekk opp dei vekene det vart spelt musikk og ned dei vekene det ikkje vart spelt musikk. Ut frå dette meinte forskarane at musikken kunne ha ein forsinka effekt (Chang et al. 2010). Me vil ikkje argumentera for sterkt mot forskarane sine konklusjonar. Men det kan tenkjast at musikkintervensjonen ikkje hadde forseinka effekt, men derimot økte førekomsten av agitasjon.

Ifylje Myskja (2006) finst det lite av både forsking og faglitteratur som tek for seg biverknadane ved bruk av musikk. Den viktigaste varsemdsregelen er at ein må sørgja for at pasientane ikkje vert utsett for uønska musikk eller anna støy (Myskja 2006). For å sikra dette meiner me at ein bør observera pasienten sin reaksjon på musikken, slik Gerdner (2010) beskriv i sine retningslinjer for bruk av individualisert musikk.

Sjølv om mange eldre har nedsett høyrsel, er det ikkje nødvendigvis slik at dei vert mindre følsame for støy. Aldersbetinga høyrselstap inneberer ofte tap av dei ytste høyrselcellene i sniglehuset. Desse cellene kan fungera som ein buffer mot støy, og dermed kan tap av desse føra til at den høyrselshemma vert meir følsam for støy (Myskja 2006). Søndergaard

(2004) skriv at pasientar med demens er sær sårbar for fleire sanseintrykk om gongen. Høyrseansen er den sansen som er mest utsett for overstimulering. I situasjonar der det allereie er mange lydar å retta merksemda mot, kan musikk gjera at pasienten vert overstimulert. Pasienten kan då reagere med uro, tilbaketrekking eller sinne. Det kan difor lønna seg å slå av musikken når andre ting skal føregå (Søndergaard 2004).

Ved seksjon for alderspsykiatri ved Sjukehuset i Telemark vart det gjort ein del erfaringar omkring bruk av musikk på fellesarealet. Det såg ut til å vera problematisk fordi musikkpreferansane var så forskjellige, og tålegrensa for støy var så låg (Skogum 2009). Musikk som verkar avslappande for ein pasient kan verka øydeleggande for andre (Ruud 2006). I Myskja og Håpnes (2010) sitt studium vart det funne at bakgrunnsmusikk på fellesarealet såg ut til å vera mest effektivt i form av roleg, spesialkomponert, referanselaus musikk (Myskja og Håpnes 2010).

Me ser for oss at tilfeldig og ukritisk bruk av musikk, som omtalt i starten av dette delkapittelet, ikkje er uvanleg praksis på sjukeheimar. Solli (2006) understrekar at musikk er eit sterkt verkemiddel som kan påverka oss både fysisk og psykisk. Difor bør det nyttast med varsemd og respekt. Bruken av musikk bør vera gjennomtenkt, strukturert og målretta (Solli 2006).

5.2.5 Terapeutisk bruk av musikk i sjukeheimspraksis

I vårt litteraturstudium kom det fram at ulike formar for musikkintervensjonar verkar positivt inn på pasientar med åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens. Likevel har me sett lite av dette brukt i praksis. Myskja (2006) meiner at bruken av musikk på institusjonar er prega av manglande fagleg konsensus. I dag finst det ingen konsensus for korleis musikk bør integrerast i helsevesenet eller kva for musikktiltak pleiepersonale kan og bør utøva (Myskja 2006). Som omtalt i delkapittel 2.4, har sjukepleiaren ansvar for leiing og fagutvikling på sjukeheimar (Hauge 2008, 219-236). Dette gjer at ein som sjukepleiar kan ha ei sentral rolle ved innføring av terapeutisk bruk av musikk på sjukeheimar. Målet må vera at musikktiltaka vert gjennomført på ein gjennomtenkt, strukturert og målretta måte, slik Solli (2006) beskriv.

I ein travel sjukeheimskvardag tenkjer me oss at for dårleg tid kan vera eit av argumenta mot systematisk bruk av musikk som terapi. Likevel ser me for oss at intervensjonar som individualisert musikk og song under stell kan la seg integrera i ein travel sjukeheimskvardag, utan at dette nødvendigvis tek opp så mykje av personalet si tid. Som nemnt er stell ei sentral oppgåve som opptek mykje av tida til dei ansette på sjukeheimar (Brodtkorb 2008, 148-156). Stellet er difor ein situasjon som kan nyttast som arena for bruk av song eller individualisert musikk, utan at intervensjonen tek opp ekstra tid. I Myskja og Håpnes (2010) sitt forskingsstudium kom det dessutan fram fleire tilfelle der stellet kravde mindre personalressursar når pleiepersonale song (Myskja og Håpnes 2010). Bruk av individualisert musikk er, etter det Myskja (2006) har erfart, det musikktiltaket som lettast kan takast i bruk av helsepersonell utan spesiell musikkfagleg kompetanse (Myskja 2006). I tillegg er det relativt billig og lite tidkrevjande. Men det føreset at det vert gjort ei grundig kartlegging av pasienten sine musikkpreferansar (Gerdner 2010). Dette tenkjer me oss at kan vera ein naturleg del av inkomstsamtalen. Som ei hjelp i kartleggingsarbeidet kan ein nytta ei metodebok av Myskja (2005). I tillegg er det laga ein preferanse-cd som kan nyttast for å finna fram til preferansemusikken til den enkelte pasient (Myskja 2005).

Slik me ser det er kartlegging òg nyttig ved andre former for terapeutisk bruk av musikk. Me meiner til dømes at det vil vera nyttig å kartlegga korleis forhold pasienten har hatt til musikk tidlegare. Ved å kartlegga kva symptom musikkintervensjonane skal rettast mot hjå den enkelte pasient, tydeleggjer ein at det er ein terapeutisk intervensjon. Endå tydelegare vert det kanskje dersom det vert innlemma som eit tiltak i pleieplana. Vidare ser me for oss at bruk av musikk og verknadane av dette bør dokumenterast på lik linje med andre tiltak. Sjukepleiedokumentasjon sikrar kvalitet og kontinuitet i pleia, og i tillegg synleggjer det det faglege ansvaret (Heggdal 2006).

I Myskja og Håpnes (2010) sin forskingsartikkel kjem det fram at fleire av dei ansette uttrykte betydeleg motstand mot grunntankane bak innføringa av terapeutisk bruk av musikk. Gjennom undervisningstimar endra desse haldningane seg. I ein sluttrapport ved ein av sjukeheimane kom det fram at: "Det er ingen motstand mot å ta i bruk disse metodene: Alle opplever at det fungerer" (Myskja og Håpnes 2010, 8). Me meiner at dette seier noko om betydninga av kunnskap. Myskja (2006) hevdar at kunnskap om musikk som terapeutisk tiltak er lite utbreidd. Mange ansette i eldreomsorga har lite kunnskap om

terapeutisk bruk av musikk. For å auka kunnskapsnivået hjå dei ansette bør det spreast informasjon om verknadane av musikktiltak (Myskja 2006). Sjukepleiaren, som i fylje Hauge (2008, 219-236), har eit særskilt ansvar for fagutviklinga på sjukeheimar, kan ha ei sentral rolle i spreinga av informasjon. Myskja (2006) anbefalar at ein samlar inn informasjon om korleis forskjell musikk kan utgjera. I tillegg skriv han at løpande undervisning kan bidra til å heva kunnskaps- og kompetansenivået (Myskja 2006). Sung et al. (2011) gjorde eit forskingsstudium der dei undersøkte pleiepersonale sine haldningar til bruk av musikk i omsorga til pasientar med demens. Dei fann at mesteparten av pleiepersonale var positive til å bruka musikk. Likevel hadde berre 31 prosent av dei nytta musikk i praksis. Store delar av pleiepersonale meinte at dei hadde for dårlege ferdigheitar og kunnskapar om terapeutisk bruk av musikk (Sung et al. 2011).

Slik me ser det, må det til ei bevisstgjerung blant sjukepleiarar og anna helsepersonale for at musikk i større grad skal verta nytta på ein strukturert og målretta måte i demensomsorga. Etter det me erfarer, har det vore lite fokus på terapeutisk bruk av musikk i undervisninga ved sjukepleiarutdanninga ved Høgskulen i Molde. Hynne og Johannesen (2005) gjorde eit forskingsstudium der musikk, berøring og bilete vart nytta i kommunikasjonsundervisninga ved grunnutdanninga i sjukepleie. Studiet viste at bruk av musikk i undervisninga kunne verka bevisstgjerande; heile 78 % av studentane sa at undervisninga hadde gjort dei meir bevisst på korleis musikk kunne nyttast i sjukepleiepraksis (Hynne og Johannesen 2005).

6.0 Konklusjon

Hensikta med dette systematiske litteraturstudiet var å undersøkje korleis musikk kan nyttast på ein terapeutisk måte i møte med pasientar i sjukeheim som har åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens.

Me fann at individualisert musikk reduserte førekomsten av åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens. Dette kan ha samband med at velkjent musikk hentar fram verdifulle minner, og dermed bidreg til tryggleik. På denne måten støttar ein pasienten sin identitet, når han sjølv ikkje lenger er i stand til å halda fast på kontinuiteten og samanhenga i sin livshistorie. Også musikkaktivitetar i gruppe viste seg å bidra til redusert førekomst av åtferdsmessige og psykologiske symptom. Me tenkjer oss at slike aktivitetar kan bidra til at pasientane i større grad opplever å vera inkludert og sysselsatt. Når pleiepersonale song under stellet såg det ut å dempa agitert åtferd. Interaksjonen som oppstod når pleiepersonale song var prega av oppriktigheit, openheit, intimitet og sårbarheit. Me tenkjer oss at ein slik interaksjon kan fremja tilknytning, og dessutan bidra til at pasienten opplever å få trøyst i ein livssituasjon som kan vera prega av mange tap.

Ut frå funna i vårt litteraturstudium, meiner me at ulike former for terapeutisk bruk av musikk har eit stort potensiale i omsorga for pasientar med demens. Musikk er eit sterkt verkemiddel, og det bør difor nyttast på ein gjennomtenkt, strukturert og målretta måte. Det kan sjå ut til at ansette på sjukeheimar har lite kunnskap om terapeutisk bruk av musikk. Dette trur me bidreg til at musikkbruken på sjukeheimar kan vera prega av tilfeldigheit. Me tenkjer oss at eit kunnskapsløft blant ansette på sjukeheimar kunne bidrege til at musikk i større grad vart teke i bruk som eit terapeutisk tiltak på ein meir systematisk måte.

Pasientar med demens utgjer ein stor del av sjukeheimsbebruarane i Noreg. Denne pasientgruppa vil bli betydeleg større i løpet av dei komande åra, og det er difor behov for å utvikla gode miljøterapeutiske tiltak. Terapeutisk bruk av musikk ser ut til å vera eit verknadsfullt miljøterapeutisk tiltak i møte med pasientar med åtferdsmessige og psykologiske symptom ved demens.

6.1 Forslag til vidare forskning

I starten av arbeidet med dette systematiske litteraturstudiet fekk me inntrykk av at terapeutisk bruk av musikk i demensomsorga var eit område som var godt utforska. Dette fordi det kom opp eit stort antal relevante referansar når me gjorde litteratursøk. Men etter kvart kom det fram at mange av studiane var kvantitative studiar med små utval. Også Håpnes og Myskja (2010) seier at det eksisterar store mengder kvantitativ forskning på området som har metodiske svakheiter, til dømes små utval (Håpnes og Myskja 2010). Me meiner at det bør gjerast kvantitative studiar med større utval, slik at ein med større sikkerheit kan generalisera resultata. I tillegg synest me at det er behov fleire kvalitative studiar som gir beskrivingar av korleis musikk kan verka inn på enkeltindividet. Det ville òg vore nyttig med fleire studiar som undersøker verknadane av musikktiltak når det er pleiepersonale som utfører intervensjonane.

16. november 2011 utførte me eit litteratursøk i Ovid, for å undersøkje om det var kome ny forskning kring tema. Me kunne ikkje sjå at det var kome nye forskingsartiklar som svarte på vår problemstilling etter vårt siste litteratursøk, 6. september 2011.

Referanseliste

Aasgaard, Trygve. 2006. Musikk i helsefag: fysioterapi, ergoterapi og sykepleie. I *Musikk og helse*, Red.: Trygve Aasgaard, 31-51. Oslo: J.W. Cappelens Forlag as.

Berentsen, Vigdis Drivdal. 2008. Kognitiv svikt og demens. I *Geriatrisk sjukepleie. God omsorg til den gamle pasienten*. Red.: Marit Kirkevold, Kari Brodtkorb og Anette Hylene Ranhoff, 350-382. Oslo: Gyldendal Norsk forlag AS.

Bjørk, Ida Torunn og Marit Solhaug. 2008. *Fagutvikling og forskning i klinisk sykepleie. En ressursbok*. Oslo: Akribe AS.

Bragstad, Line og Marit Kirkevold. 2010. Individualisert musikk for personer med demens. *Sykepleien Forsking*; 5 (2), 110-118.

Brodtkorb, Kari. 2008. Stellet – mulighetenes arena. I *Geriatrisk sykepleie. God omsorg til den gamle pasienten*, Red.: Marit Kirkevold, Kari Brodtkorb og Anette Hylene Ranhoff, 148-156. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Chang, Fang-Yu, Hui-Chi Huang, Kuan-Chia Lin og Li-Chan Lin. 2010. The effect of a music programme during lunchtime on the problem behaviour of the older residents with dementia at an institution in Taiwan. *Journal of Clinical Nursing*; 19: 939-948.

Chatterton, Wendy, Felicity Baker og Kylie Morgan. 2010. The Singer or the Singing: Who Sings Individually to Persons With Dementia and What are the Effects? *American Journal of Alzheimer's Disease & Other Dementias*; 25 (8), 641-649.

Cooke, Marie, Wendy Moyle, Scott Harrison, Jenny Murfield og David Shum. 2010. A Randomized Controlled Trial Exploring the Effect of Music on Quality of Life and Depression in Older People with Dementia. *Journal of Health Psychology*; Vol. 15(5): 765-776.

Dalland, Olav. 2007. *Metode og oppgaveskriving for studenter*. 4 utg. Oslo: Gyldendal Akademisk Forlag AS.

Engedal, Knut. 2008. *Lærebok. Alderspsykiatri i praksis*. 2. utgåve. Tønsberg: Forlaget Aldring og helse.

Evans, David. 2002. Systematic reviews of interpretive research: Interpretive data synthesis of processed data. *Australian Journal of Advanced Nursing*; Vol 20, No 2.

Forsberg, Christina og Yvonne Wengström. 2008. *Att göra systematiska litteraturstudier*. 2. utgåve. Stockholm: Författarna och Bokförlaget Natur Kultur.

Forskningsetiske komiteer. 2009. Tema: *Samtykke*, <http://www.etikkom.no/no/Forskningsetikk/God-forskningspraksis/Samtykke/> (lest: 10.11.2011).

Garland, Kathryn, Edwina Beer, Barbara Eppingstall, og Daniel W. O'Connor. 2007. A Comparison of Two Treatments of Agitated Behavior in Nursing Home Residents With Dementia: Simulated Family Presence and Preferred Music. *American Journal of Geriatric Psychiatry*; 15: 514-521.

Gerdner, Linda A. 2010. Evidence-Based Guideline. Individualized Music for Elders with Dementia. *Journal of Gerontological Nursing*; Vol. 36, No. 6, 7-15.

Gustaffson, Bengt, Göran Hermerén og Bo Petersson. 2005. *Vad är god forskningssed? Synpunkter, riktlinjer och exempel*. Stockholm: Vetenskapsrådet.
http://www.vr.se/download/18.6b2f98a910b3e260ae28000334/god_forskningssed_3.pdf
(lest: 11.11.2011).

Götell, Eva, Steven Brown og Sirkka-Liisa Ekman. 2002. Caregiver Singing and Background Music in Dementia Care. *Western Journal of Nursing Research*; 24(2), 195-216.

Götell, Eva, Steven Brown og Sirkka-Liisa Ekman. 2007. The influence of caregiver singing and background music on vocally expressed emotions and moods in dementia care: A qualitative analysis. *International Journal of Nursing Studies*; 46: 422-430.

Guetin, S, F. Porte, C. Picot, C. Pommié, M. Messaoudi, L. Djabelkir, M., A. L. Olsen, M. Cano, E. Lecourt og J. Touchon. 2009. Effect of Music Therapy on Anxiety and Depression in Patients with Alzheimer's Type Dementia: Randomised Controlled Study. *Dementia and Geriatric Cognitive Disorders*; 28: 36-46.

Hauge, Solveig. 2008. Sykepleie i sykehjem. I Geriatrisk sykepleie. God omsorg for den gamle pasienten, Red.: Marit Kirkevold, Kari Brodtkorb og Anette Hylén Ranhoff, 219-236. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Heggdal, Kristin. 2006. *Sykepleiedokumentasjon*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Helse- og omsorgsdepartementet. 2007. *Demensplan 2015. "Den gode dagen"*. Omsorgsplan 2015. Oslo: Helse- og omsorgsdepartementet.
http://www.regjeringen.no/upload/HOD/Vedlegg/Omsorgsplan_2015/Demensplan2015.pdf
(lest: 01.11.2011).

Helseforskningloven. 2008. *Lov av 20. juni 2008 nr. 44 om medisinsk og helsefaglig forskning*. <http://www.lovdata.no> (lest 10.11.2011).

Helsepersonelloven. 1999. *Lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell*.
<http://www.lovdata.no> (lest 04.11.2011).

Hicks-Moore, Sandee L. og Bryn A. Robinson. 2008. Favorite music and hand massage. Two interventions to decrease agitation in residents with dementia. *Dementia*; 7 (1); 95-108.

Holmes, Clive, Andrew Knights, Christine Dean, Sarah Hodgkinson og Vivienne Hopkins. 2006. Keep music live: music and the alleviation of apathy in dementia subjects. *International Psychogeriatrics*; 18:4: 623-630.

Hummelvoll, Jan Kåre. 2004. *Helt – ikke stykkevis og delt*. 6. utgåve. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Hynne, Astrid Bjørnerheim og Eli Johannessen. 2005. Hvorfor og hvordan bruke musikk, berøring og bilde i utvikling av studentenes kommunikasjon? – evaluering av et kommunikasjonskurs ved grunnutdanning i sykepleie. *Vård i Norden*; No. 78 Vol. 25, 47-50.

